



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 21. mars 2019
Tid: Kl. 18.30
Møtenr.: 2/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Sigrid Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem NB. Ord for dagen
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
Gunvald Aarbø	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg h. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-09/19	Årsmelding for Fitjar sokn 2018	X
S-10/19	Referat frå sist møte	X
S-11/19	Planlegging av årsmøte den 7. april	X
S-12/19	Meldingssaker	X
S-13/19	Open post	X
S-14/19	Arrangement i kyrkja sin regi	

S-Sak 09/19: Årsmelding for 2018

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga som er lagt fram, men vil be om fylgjande:

- ✓ Det må setjast inn nokre fine bilder frå ulike aktivitetar i kyrkja året 2018
- ✓ Rådet ynskjer at det skal komma inn meir stoff om

Behandling i Fitjar sokneråd 21. mars 2019:

Årsmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøte i kyrkjelyden. Årsmøte i Fitjar kyrkje er sett til 7. april etter gudstenesta. Difor må innkallinga til årsmøte og årsmeldinga gjerast klar til utsending dagen etter møte i soknerådet.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga som er lagt fram, men vil be om fylgjande:

- ✓ Det må setjast inn nokre fine bilder frå ulike aktivitetar i kyrkja året 2018
- ✓ Årsmeldinga vert delt på fire medlemmer som korrekturlesar dokumentet med tilbakemeldingar i kveld til kyrkjevevjerje.

S-Sak 10/19: Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 7. februar 2019.

Behandling i Fitjar sokneråd 21. mars 2019:

Referatet frå møte den 7. februar 2019 har medlemmene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er no lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.



S-Sak 11/19: Planlegging av årsmøte den 7. april

Framlegg til vedtak:

Soknerådsleiaren, eller den han evt. vil delegera oppdraget til, får ansvar for å førebu ei orientering om fondet for kyrkjelydsprest og faste gåver som skal leggjast fram på soknemøte den 7. april.

Behandling i Fitjar sokneråd 21. mars 2019:

Etter § 9 i kyrkjelova skal soknerådet kvart år gje soknemøtet ei orientering om det kristelegte arbeidet i soknet. Det skal haldast hos oss den 7. april.

Soknerådet hadde på førre møte oppe ei drøftingssak om fond og gåver, og det kom fram at temaet bør takast opp på soknemøtet, slik at rådet kan få innspel frå kyrkjefolket før det vert laga retningslinjer for fondet. Då kan det vera nyttig at ein frå soknerådet kjem med ei innleiing og orientering om saka før den skal drøftast og informerer om kva slags behov soknerådet har for å nytta desse pengane.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

S-Sak 12/19: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i Fitjar sokneråd 2019:

I møtet vart det orientert om desse sakene:

1. Soknerådsvalet, arbeidet i nominasjonsnemnda v/Terje Havro
Nominasjonsnemnda har hatt tre møter. Hittil har ti svart ja til å stilla på lista. Dei jobbar vidare med saka, men det har vore vanskeleg å få folk til å stilla til val.
2. Rekneskapet for 2018 v/kyrkjevevje
Rekneskapet visar ca kr 400 000 i overskot. Dette skuldast vakante stillingar i 2018. Sjølv om prosjektet for gravplassen er godkjent, vil ein ikkje få midlar frå kommunen før januar 2020, men ein kan nytta fondet for gravfeste viss ein ynskjer å starta tidlegare med arbeidet.
3. Svar på merknad frå revisjonen for rekneskapsåret 2017 v/kyrkjevevje
Kyrkjevevje har avklara pr. brev til revisjonen korleis ein ivaretek merknadene frå dei på ein forsvarleg måte.
4. Anleggsarbeidet i Fitjar sentrum og parkeringsplassen ved kyrkja v/kyrkjevevje
Soknerådet fekk sjå reguleringsplanen og ba kyrkjevevje gje tilbakemelding om at kyrkja må ha ei avstigningslomme og eit par handicap-parkeringsplassar nær kyrkja, eventuelt frå Skysbrekka bak kyrkja.
5. Politiattest v/ kyrkjevevje
Alle friviljuge som arbeider med barn og unge må visa politiattest.
6. Gåver v/kyrkjevevje
Kyrkja har motteke pengar både som gåver og minnegåver.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.



S-Sak 13/19: Open post

Kor bør kulturprisen som arrangørene av Temakveldane fekk stå? v/Helga O. Aadland

Helga etterlyser kor kunsten er som Leiv Hedman laga til kulturprisen. Den står i kyrkjestova, men litt bortgøymd. Det er semje i soknerådet å få den plassert på ei hylle i kyrkjestova.

Lysanlegget utanfor kyrkja v/Terje Havro

Han ynskjer framleis at det vert gjort noko med lyskastarane utanfor kyrkja. Kan dei eventuelt senkast? Byggja ein mur rundt dei eller ha kurver over dei? Denne saka har vore oppe tidlegare så ein veit at lysstyrken ikkje kan endrast. Det er flott at kyrkja er opplyst, men det ville vore ein fordel om lyskastarane kan gjerast mindre dominerande.

S-Sak 14/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Behandling i Fitjar sokneråd 21. mars 2019:

Arrangement som er gjennomført:

- Kyrkjelydsfesten var godt planlagt og gjennomført. Mange deltok, sjølv om det ikkje var fullt.
- Konfirmantsamlingane fungerer godt med god hjelp til matlaging og kjekk tur til Røldal.
- Tårnagentane var 12 born som var aktive både før og under gudstenesta.
- Ynskjesalmekvelden i kyrkja vart bra med mange salmeynskje.

Arrangement som skal gjennomførast:

- Turen til Helgatun er godt planlagt og 85 personar har melde seg på.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tok meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

Signering:

Sekretær

Leiar



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn